

Statsbudsjettet 2020:

# Ekstremsportveko fekk ikkje éi krone

Ekstremsportveko har ikkje fått éi krone i framlegget til statsbudsjett som vart lagt fram tysdag.

## STATSBUDSJETTET 2020

Veko fekk tidlegare i år ei eingongsløyving på éin million kroner frå Kulturdepartementet. Dei har søkt om ei årleg fast løyving, mellom anna for å kunna halda fram med arrangement for born og familiar, og få realisert ei stor internasjonal tv-dekning av arrangementet. Om ikkje Ekstremsportveko får pengar over statsbudsjettet, kan ein av konsekvensane vera at arrangementet blir mindre.

### Toget ikkje gått

Vekosjef Kjetil Kriken har enno ikkje gjeve opp håpet om å koma med på statsbudsjettet.

– Stortinget skal handsama statsbudsjettet, og me må no jobba gjennom våre støttespelarar for å få Veko inn på budsjettet for neste år. Me har fått god draghjelp frå sentrale politikarar til no og håpar denne støtta held fram.

– *Kva kan konsekvensane bli om de ikkje får løyvingar over statsbudsjettet?*

– Då må me ytterlegare kutta kostnadene våre. Me har alt kutta kostnader i år, utan at det i særleg grad gjekk ut over arrangementet. Må me kutta endå meir, kan dette resultera i at Ekstremsportveko blir eit mindre arrangement enn i dag. Men fyrst vil me no sjå om me likevel kan koma med på statsbudsjettet. Me skal diskutera situasjonen i styret, så får me sjå kva som vert det endelege resultatet, seier Kjetil Kriken.

### Lang prosess

Kriken peikar på at det er ein lang prosess å koma inn som fast løyving på statsbudsjettet.

– Me starta dette arbeidet i år, og ser at me nok kom seint i gang i høve statsbudsjett for neste år, seier dagleg leiar Kjetil Kriken i Ekstremsportveko.

### Skuffa

KrF-politikar Tom Jarle Istad Kristiansen er skuffa over at Ekstremsportveko ikkje er med i framlegget til statsbudsjett.

– Både eg og lokalpolitikarar frå Venstre og Høgre har engasjert oss i denne saka og har snakka med kvar våre sentrale politikarar på Stortinget. Partileiar Kjell Inge Ropstad var veldig positiv til Ekstremsportveko då han besøkte Voss i valkampen. Eg lovar å snakka med han igjen for å sjå om det er mogleg å få Veko inn på statsbudsjettet i forhandlingane som skal vera i Stortinget framover, seier Istad Kristiansen.

### Flott jobb

Han seier at Ekstremsportveko gjer ein flott jobb med å rekruttera born til små uorganiserte idrettar som er gode alternativ til dei store idrettane som ski og fotball.

– På Ekstremsportveko i sommar hadde dei arrangement retta mot born og familiar. Dette er heilt i tråd med korleis med tenkjer i KrF, seier Tom Jarle Istad Kristiansen.



**NØGDE DEN GONGEN:** Vekosjef Kjetil Kriken (nr. 2 frå h.) var svært nøgd då stortingsrepresentant Terje Breivik (V) frå Ulvik kom med ei eingongsløyving på 1 million kroner til Ekstremsportveko i slutten av mai. Lokalpolitikarane Irlil Schau Johansen og Tom Jarle Istad Kristiansen var involverte i denne prosessen, og dei håpar no at Veko kjem inn på statsbudsjettet, sjølv om regjeringa ikkje hadde det med i sitt framlegg.

FOTO: BJØRN SANDNES/ARKIV

### Unikt arrangement

Stortingsrepresentant Terje Breivik (V) frå Ulvik stadfester at det framleis er mogleg for Ekstremsportveko å koma inn på statsbudsjettet.

– Det er Stortinget som skal vedta det endelege budsjettet, og no skal stortingsgruppene til regjeringspartia setja seg ned og forhandla om alle detaljane. Ekstremsportveko er eit heilt

unikt arrangement som set Noreg og Voss på det internasjonale kartet og fortener å få statlege løyvingar. I dei komande forhandlingane vil eg prioritera denne saka høgt, seier Breivik.

### Utanom søknadsfrist

Han peikar på at terskelen for eit arrangement som Ekstremsportveko å koma med i regjeringa sitt budsjettfram-

legg utanom alle søknadsfristar, er høgt.

– Dei kom noko seint i gang for å koma med i regjeringa sitt budsjettframlegg. Men i Stortinget har me ingen formelle hinder for å kunna leggja inn eit arrangement som Ekstremsportveko, seier Terje Breivik.

### ► Bjørn Sandnes

bsa@avisa-hordaland.no

## Ni cruiseskip venta til Ulvik

I 2020 er det venta at ni cruiseskip vil gå til Ulvik, med til saman 10.000 passasjerar.

### ► ULVIK

I Hardanger er Eidfjord den store cruisehamna, som i 2019 har sett ny rekord med rundt

115 skipsanløp. Til Ulvik kom det fire cruiseskip denne sesongen. Arbeidsgruppa som står bak selskapet Cruise Destination Hardanger ser på deira innsats som vellukka, også fordi dei mange passasjerane som går i land i Eidfjord fordeler seg på bussturar i større delar av regionen. Dei fleste cruisepas-

sjasjerane i Ulvik kjem no med buss frå Eidfjord, fordi reiarlaga helst vil gå til kai, og ikkje nytta tendring.

Styringsgruppa for marknadsføringsselskapet har bede om at deira arbeid må få halda fram dei neste tre åra, og treng difor kommunal støtte frå Ulvik på 40.000 kroner kvart av desse åra.

Ifylgje budsjettet som er sett opp skal Eidfjord betala 600.000 kroner årleg, Kvinnerad 120.000 kroner, Kvam, Ulvik og Ullensvang 40.000 kroner kvar. Frå private bedrifter er det rekna med 20.000 kroner.

### ► Sigrid Seim

ss@avisa-hordaland.no



I ULVIK: Få cruiseskip i 2019, litt fleire er venta neste år til Ulvik.

ARKIVFOTO FRÅ 2017

VAKKERT HJEM MED STILFULLE INTERIØRGARDINER!  
...som også gir god sol- og innsynsskjerming!

**-30%** TIL 17.11.

GRATIS BEFARING 911 50 200

**Fasade** PRODUKTER

SVEIN HARALD VELAND  
Din lokale salgskonsulent  
Direktenr: 459 63 826